

FJELL-LENGT

OLA SETROM

*Eg lengtar no
mot blåe høgd
frå dal og bygd.
Dit æva syng
og stilla rår
og roglut lyng
um hausten spår
mitt hjarta trår.*

*Eg stirer no
mot kvite snø
som skin frå hø.
Der vindsus voggar
grisne strå,
der høgdinn slørest
og blir blå —
der vil eg stå.*

*Her er så audt
i dalom no,
og fuglen kvarar
seg til ro.
Her blir så audt,
så armt og daudt,
men sola gyller fjell
med blod og eld.*

*Du vesle bekk
som knislelær
i millom storr
og kjerringkjerr,
du kåpegras
i grøne deld,
du stjerneblom —
eg kjem i kveld —
når alt i dalen blundar.*

*Å fjell, å fjell —
du høgd og helg,
i kveld, i kveld
eg fjåg og fjelg
mot blåsno-høgdom stundar.*